
Saksnr: 2020/35102-19
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		25.05.2021
Fylkesutvalet		01.06.2021

Eigarstyring Fjord Invest Såkorn AS - forslag om vedtektsendring

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune støttar styret i Fjord Invest Såkorn AS sitt forslag om at vedtektene § 2 vert endra frå:

«Selskapet har som føremål å investere i konkurransedyktige såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.»

til følgjande nye utforming:

«Selskapet har som føremål å bidra til nyskaping og vekst i regionen gjennom å investere i oppstartsbedrifter og vekstbedrifter med stort potensiale. Selskapet skal investere enten direkte i selskap eller fond-i-fond. Selskapet skal drivast etter forretningsmessige prinsipp. Selskapet sin kapital og avkastning frå investeringar skal reinvesteras i nye selskap i tråd med føremålet.»

2. Fylkesutvalet ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant om å røyste for endringa når saka skal handsamast på generalforsamlinga til selskapet 24. juni.

Samandrag

Fjord Invest Såkorn AS (FISåkorn) har nyleg vore med på å opprette eit nytt investeringsfond, Peak Venture I AS (Peak Venture). FISåkorn er med som investor i fondet.

I samband med FISåkorn si investering i Peak Venture, er det behov for å oppdatere føremålsføresegna i FISåkorn sine vedtekter.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fjord Invest Såkorn AS (FISåkorn) har nyleg vore med på å opprette eit nytt investeringsfond, Peak Venture I AS (Peak Venture). FISåkorn er med som investor i fondet med tingsinnskot og kapitalinnskot på til saman 8 mill. kr. Fylkeskommunen vart også invitert til å investere i Peak Venture, sjå FUV-sak PS 307/2020, men takka i desember i fjor nei, sidan fylkeskommunen allereie bidreg med denne typen investorkapital gjennom FISåkorn. Peak Venture starta opp 04.03.21.

Kort oppsummert er målet med å opprette Peak Venture å samle private investorar og kapitaleigarar (bankar, kraftselskap, fond og andre) for felles investeringar i vekstselskap i regionen. Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare bedt FISåkorn jobbe for ein breiare eigarstruktur, og Peak Venture er FISåkorn si løysing på dette, og ein måte å få med fleire private investorar på.

Ytterlegare informasjon om FISåkorn er tilgjengeleg i fylkeskommunen si eigarskapsmelding: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/statistikk-kart-og-analyse/rapportar-og-analysar/rapportar-og-analysar-etter-tema/fylkesadministrasjon-og-okonomi/eigarskapsmeldinga-2020.pdf>. I tillegg vert det jamleg lagt fram statusoppdateringar frå selskapet (om lag fire per år) for fylkesutvalet som referatsaker.

I samband med FISåkorn si investering i Peak Venture, er det behov for å oppdatere føremålsføresegna i selskapet sine vedtekter.

Styret i selskapet føreslår ei endring i vedtektene § 2 frå følgjande:

Selskapet har som føremål å investere i konkurransedyktige såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.

Til følgjande:

Selskapet har som føremål å bidra til nyskaping og vekst i regionen gjennom å investere i oppstartsbedrifter og vekstbedrifter med stort potensiale. Selskapet skal investere enten direkte i selskap eller fond-i-fond. Selskapet skal drivast etter forretningsmessige prinsipp. Selskapet sin kapital og avkastning frå investeringar skal reinvesteras i nye selskap i tråd med føremålet.

Selskapet orienterte om både investeringa i Peak Venture og den føreslegne vedtektsendringa på eit eigarmøte 27.01.21. Ingen av eigarane gav uttrykk for konkrete motførestillingar til vedtektsendringa.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet utøver eigarskapen på vegner av fylkestinget i dei fleste sakene om fylkeskommunal eigarskap, slik det følgjer av reglementet for fylkesutvalet, innleiinga, kulepunkt fire. Fylkesutvalet tek avgjerd i saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7.

Vurderingar og verknader

Endringsforslaget medfører følgjande endringar:

Ikkje lenger føremål om utbyte til eigarane

Medan selskapet i gjeldande vedtekter har til føremål å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane, står det i endringsforslaget at selskapet sin kapital, og avkastning frå investeringar, skal reinvesteras i nye selskap i tråd med føremålet.

At selskapet ikkje lenger skal ha til føremål å gje eigarane utbyte, medfører ikkje realitetsskilnad for fylkeskommunen. Selskapet har sidan stiftinga i 2004 nytta mottekne salsprovenyar til nye investeringar, og har så langt ikkje betalt ut utbyte til eigarane. Endringa vil heller ikkje påverke fylkeskommunen si grunngeving for å vere eigar i selskapet, som er «samfunns- og

næringsutvikling ved å delta i investeringselskap som bidreg med kapital til tidlegfase-verksemder i fylket».

Opnar opp for investering i fond

Med endringa kan selskapet, i tillegg til å investere direkte i bedrifter, også investere i fond. Føremålet med investeringa skal, uavhengig av om den er i bedrift eller fond, framleis vere å bidra til nyskaping og vekst.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er negativt, ut frå selskapet sitt gjeldande føremål, å opne opp for investering i andre fond, i tillegg til direkte i bedrifter. Uavhengig av om selskapet investerer i fond eller direkte i vekstbedrifter, så føreligg det eit krav om at investeringa sitt føremål skal vere å bidra til nyskaping og vekst i regionen.

Ei mogleg ulempe med å opne opp for meir indirekte investeringar, der fleire aktørar er involvert før midlane når fram til sjølve bedriftene, kan bli at ein større del av midlane går med til administrasjon og forvaltning. Dette vart lufta som ei problemstilling i eigarmøtet 27.01.21, og selskapet er gjort merksam på problemstillinga.

Når det gjeld den konkrete investeringa i Peak Venture, så har FISå Korn si oppretting av og investering i fondet m.a. hatt til føremål å få fleire til å bidra med denne typen investeringskapital, og då særskilt private investorar som gjerne investerer ut frå litt andre føresetnader enn offentlege investorar, som i større grad har ei samfunnsutviklarrolle. Fylkesrådmannen er ikkje kjend med at FISå Korn har planar om å investere i andre fond enn Peak Venture, men ved å endre vedtektene opnar ein altså opp for dette.

Utvida geografisk investeringsområde

Selskapet har i føreslegen føremålsføresegn mål om å bidra til nyskaping og vekst i *regionen*. Fylkesrådmannen legg til grunn at det vil seie heile Vestland fylke. I gjeldande vedtekter er målgruppa for investeringar bedrifter i Sogn og Fjordane, og endringa medfører derfor ei utviding av verkeområdet.

FISå Korn har framleis hovudtyngda av eigarane/investorane sine i det geografiske området Sogn og Fjordane, medan Peak Venture, der FISå Korn har ein betydeleg eigardel, hentar 3 % av investorkapitalen sin frå Bergensområdet. FISå Korn vurderer det slik at ein ved å opne opp for investeringar i verksemder i heile Vestland, har tiltrekt seg fleire aksjonærar i Peak Venture, enn om investeringsområdet for fonda er avgrensa til Sogn og Fjordane. Evalueringar av denne typen fond viser likevel at det skjer flest investeringar i området der rådgjevar og fond er etablert.

Bedrifter med stort potensial

Målgruppa for investeringar er i endringsforslaget skildra som bedrifter med stort potensial, medan gjeldande vedtekter brukar formuleringa konkurransedyktige bedrifter.

Det er mogleg uttrykket «stort potensial» snevrar inn investeringsmålgruppa noko, men selskapet har ikkje gitt uttrykk for at noko slik endring er tilsikta. Fondet vert kontakta av mange vekstelskap, og å rette søkelys mot kva potensial ei bedrift har, verkar vere eit godt utgangspunkt for å prioritere mellom ulike bedrifter.

Økonomi: At selskapet ikkje lenger skal ha til føremål å gje eigarane utbyte, medfører ikkje realitetsskilnad for fylkeskommunen. Selskapet har sidan stiftinga i 2004 nytta mottekne salsprovenyar til nye investeringar, og har så langt ikkje betalt ut utbyte til eigarane.

Klima: Ikkje direkte relevant.

Folkehelse: Ikkje direkte relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.

Konklusjon:

Fylkesrådmannen tilrår fylkesutvalet å gjere vedtak om at Vestland fylkeskommune støttar forslaget om vedtektsendring, og om at eigarrepresentanten skal røyste for forslaget når saka vert handsama på selskapet si generalforsamling i juni.